

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmannen

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**torsdag, 14.07.2011 kl. 16.05 i  
Rådhuskjellaren**

#### SAKLISTE:

- Sak 14/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 17. juni 2011
- Sak 15/11 - Notat om den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF per 30.06.2011

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Inge Gjærde  
leiar  
(sign.)

# KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

## MØTEBOK

Møtedato 17.06. 2011 kl. 15.30  
Møtestad: Rådhuskjellaren

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Arne Olav Stavseng og Hildegunn Brune  
= 4 voterande

Kari Johansen hadde meldt forfall

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Frå Stranda Kommune møtte ordførar Frank Sve og rådmann Ann Kristin Langeland i sak 14/11.  
Rådmann Ann Kristin Langeland var også tilstades i dei andre sakene medan økonomisjef Lars Birger Stige var tilstades under sakene 09/11, 10/11, 11/11, 12/11 og 13/11.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

Sakene vart behandla i denne rekkefølgen:

### **SAK 14/11 ORIENTERING FRÅ ORDFØRAR OM FORRETNINGSMESSIG DRIFT**

Ordførar ba om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31, 3. ledd. Kontrollutvalet gjorde so vedtak om å lukke møtet.

### **Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Møtet blir opna.

**SAK 09/11**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 15. MARS 2011**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 15. mars 2011 blir godkjent.

**SAK 10/11**

**ÅRSMELDING 2010 – STRANDA KOMMUNE**

Innstilling datert 15.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2010 for Stranda kommune til orientering.

**SAK 11/11**

**KOMMUNEREKNESKAPEN 2010 – STRANDA KOMMUNE**

Innstilling datert 15.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Stranda kommune sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Kommunen må etablere rutinar for økonomisk oppfølging og prognosar slik at kommunestyret kan innrette sin budsjettkontroll og økonomiske vedtak med utgangspunkt i reelle økonomiske opplysningar.
3. Innan enkelte tenesteeiningar ligg det føre overskriddingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet vil presisere at årsbudsjettet er bindande, jf kommunelova § 47 nr. 2.

**SAK 12/11**

**REKNESKAP 2010 – STRANDA HAMNEVESEN KF**

Innstilling datert 15.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Stranda Hamnevesen KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.

**SAK 13/11**  
**REKNESKAP 2010 – STRANDAFJELLET KF**

Innstilling datert 17.06.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

1. Strandafjellet KF sin rekneskap for 2010 blir godkjent.
2. Det blir vist til presisering i revisjonsmeldinga knytt til problem med innbetaling av leigeinntekter.

I innkallinga var det meldt ei mulig tilleggssak. Møte vart lukka. Etter ei totalvurdering fann kontrollutvalet ikkje å ville behandle saka eller gjere vedtak.

Inge Gjørde  
leiar  
(sign.)

Arne Ola Stavseng  
medlem  
(sign.)

Per Berge  
medlem  
(sign.)

Hildegunn Brune  
medlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 13.07.2011

**SAK 15/11  
DEN ØKONOMISKE SITUASJONEN VED STRANDAFJELLET KF PER 30.06.2011**

Som vedlegg følger:

- Notat om den økonomiske situasjonen ved Strandafjellet KF per 30.06.2011

Av rekneskapsrapport Strandafjellet KF 1. tertial 2011 ligg det føre ein prognose for meirforbruk pr. 31.12.2011 på 55.200 kroner.

I notatet frå kommunerevisjonen, nemnt ovanfor, ligg det også føre ein prognose for 2011.

Avviket mellom desse to prognosane er vesentlege. Det er likevel viktig å presisere at dette store avviket i all hovudsak skuldast ulike vurderingar med omsyn til inntektssida. Ein viser her til at det ikkje er gjort nokon vurderingar av inntektssida frå føretaket i tertialrapportsaka. Prognosane reiser sentrale spørsmål vedkomande føretaket sin økonomiske situasjon.

Etter kommunelova § 46 nr. 3 skal budsjettet vere realistisk. Det vil sei at det må vere stort nok til å dekkje ein vedteken aktivitet. Dessutan er budsjettet bindande jf kommunelova § 47 nr. 2. Av kommunelova § 47 og § 4 i forskrift om kommunale foretak går det fram at dagleg leiar skal gjennom budsjettåret legge fram rapportar for føretaket sitt styre som viser utviklinga i inntekter/innbetalingar og utgifter/utbetalingar i følgje det vedtekte særbudsjettet. Dersom dagleg leiar finn rimeleg grunn til å anta at det kan oppstå nemneverdige avvik i forhold til kommunestyret sine rammor og vedtatt eller regulert særbudsjett, skal det i rapportane til styret kome fram forslag om nødvendige tiltak for å halde dei rammene for føretaket som kommunestyret har vedteke.

Det skal gjerast endringar i budsjettet når dette må reknast som påkrevd. Føretaket sitt styre skal sjølv foreta dei nødvendige endringane i føretaket sitt budsjett. Føretaket sitt styre skal gjennom budsjettåret legge fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter/innbetalingar og utgifter/utbetalingar i samsvar med kommunestyret sine vedtekte rammor til føretaket. Kommunestyret skal foreta endringar i kommunen sitt årsbudsjett når dette sett på som påkrevd.

Legg ein kommunerevisjonen sine prognosar til grunn, ligg det føre eit stort behov for å sette i verk tiltak.

Med bakgrunn i dei vesentlege avvika mellom foretaket sin prognose og kommunerevisjonen sin prognose for rekneskap 2011, er det også grunn til å tru at 1. tertialrapport 2011 ikkje er forsvarleg utgreidd og at viktig informasjon kan bli halde tilbake for kommunestyret. Ut i frå same innfallsvinkel er det også grunn til å tru at budsjett 2011 for Strandafjellet KF ikkje er realistisk.

Per 30.06.2011 har Strandafjellet KF 3.622.417 kroner utestående i Strandafjellet Skisenter AS.

Allereie ved utgangen av første halvår 2011 har foretaket gått utover budsjetttramma for dei samla driftsutgiftene for heile året. Når det gjeld kjøp av varer og tenester som inngår i foretaket sin tenesteproduksjon er utgiftene pr. 1. halvår 2011 443.900 høgare enn budsjettet for heile 2011. Dessutan er det utgifter som er uavklara og kan kome til. For inntektsida sin del kjem det fram dagleg leier i foretaket ikkje er kjent med at det ligg føre avtalar eller aktivitet som skulle tilsei at Strandafjellet KF vil få dei sponsorinntektene som det er budsjettert med i 2011.

Kommunerevisjonen skriv i sitt notat at det er lite som tyder på at Strandafjellet Skisenter AS er i stand til å vareta sine forpliktingar overfor Strandafjellet KF.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

#### **v e d t a k :**

1. Kontrollutvalet viser til det store avviket det er mellom Strandafjellet KF og kommunerevisjonens prognosar for rekneskapsresultatet for 2011.
2. Utvalet har merka seg at kommunerevisjonen reiser spørsmål om rekneskapsrapporten frå foretaket for 1. tertial 2011 er forsvarleg utgreidd i tråd med dei krava som er sett i kommunelova.
3. Utvalet vil generelt påpeike at manglar ved økonomisk rapportering kan medføre at viktig informasjon blir halde tilbake for kommunestyret.
4. Avvika i prognosane gir grunn til å vurdere om budsjettet for 2011 for Strandafjellet KF er realistisk. Kontrollutvalet viser her til kommunelova § 46 nr 3 om realismekravet i budsjettet og § 47 som gjeld kravet om rapportering av den faktiske utviklinga av inntekter og utgifter.
5. Kontrollutvalet ber om at styret i foretaket innan 15. september 2011 oversender kontrollutvalet ei skriftleg utgreiing om styret sin strategi for å få foretaket sin økonomi i balanse.
6. Kontrollutvalet sitt vedtak med tilhøyrande dokument som saksutgreiing og notatet frå kommunerevisjonen skal oversendast kommunestyret, formannskapet og styret i foretaket.

Harald Rogne  
dagleg leiar

*Notat om den økonomiske situasjonen ved  
Strandafjellet KF per 30.06.2011*

## ***Bakgrunn***

Med bakgrunn i ein vanskeleg økonomisk situasjon i *Strandafjellet Skisenter AS*, er det sett i gang ein gjennomgang av fleire sider ved selskapet. I samband med denne gjennomgangen vil kommunerevisjonen gi ei vurdering av den økonomiske situasjonen i *Strandafjellet KF* per 30.06.11.

Det er vår erfaring at det for eit kommunalt rekneskap er mest tenleg å gjere ei vurdering av situasjonen per 30.06.11 med utgangspunkt i ei prognose for driftsåret 2011 samla.

Vi har framstilt ein rekneskap i vedlegg A og B, satt opp i tråd med krav stilt i budsjett- og rekneskapsforskriftene for kommunale føretak. I tillegg har vi i vedlegg C satt opp eit balanserekneskap per 30.06.11 og 31.12.10.

## ***Kommentarar til rekneskapet (vedlegg A og B)***

### ***Driftsinntekter***

Føretaket har budsjettert med inntekter på 9.619.230 kr for 2011. Av dette er 7.000.000 kr leigeinntekter på anlegget som er leigd ut til AS-et etter eigen avtale, medan dei resterande budsjetterte inntektene er 2.619.230 kr i sponsorinntekter.

I punkt 3 i leigeavtalen går det fram at:

*Leie pr. år er kr. 7.000.000.-*

*Leigesummen betales i to halvårsavdrag på 3.500.000 kr , første avdrag innen 01.05. i leieåret, og siste avdrag innen 30.12 .i leieåret.*

Til slutt at:

*Leiesummen skal årleg justeres i henhold til gjeldende rentebane, og justeres i forhold til et rentenivå på 2,5%. Stiger rentenivået, skal leien justeres i tråd med Strandafjellet KF sine faktiske renteutgifter, med bakgrunn i oppgitt rentenivå.*

Med bakgrunn i dette har føretaket inntektsført leige av anlegg for første halvår på 3,5 mill. kr.

I styresak 007/11 den 26.04.11 vart det gjort slikt vedtak:

1. *Strandafjellet KF viser til kontrakt med Strandafjellet Skisenter AS datert 30.09.2010, som er gjeldande juridisk, og syner til punkt § 3.*

*Styret aksepterar at det kan betalast månadleg leige/innbetalingar av leige, på kr 416.000,- pr. månad frå og med 01.01.2011 med forfall pr 15. i påkomande månad.*

*Det skal avreknast sluttbetaling for året innan 01.11.2011, jfr. kontraktssum, med eventuelle fråtrekk på grunn av sein ferdigstilling av anlegget på Roalden.*



2. *Dersom Strandafjellet Skisenter AS krev endringar i sjølve grunnlaget for avtalen som skulle tilseie lågare leige, må tap dokumenterast i eiga tilsending.*
3. *Styret gir dagleg leiar og styreformann fullmakt til å framforhandle med Strandafjellet Skisenter AS tilleggsdel til gjeldande leige kontrakt og forståing av denne, og å legge fram framlegget til endeleg godkjenning i styret.*

Med bakgrunn i dette sendte føretaket ut ein kreditnota på 1.255.000 kr i for mykje leige for første halvår 2011. Dette gir 1.004.000 kr i reduserte leigeinntekter per 30.06.11. Inntektsført leige blir etter dette 2.496.000 kr per 30.06.11. I tillegg er det mindre beløp slik at samla driftsinntekter per 30.06.11 er 2.500.800 kr.

I resultatbudsjettet for *Strandafjellet Skisenter AS* er det lagt inn følgjande:

Driftsinntekter	Opprinnelig budsjett 2011	Prognose ut 2011	2012
Leie KF	5 000 000	5 000 000	7 000 000

Dette beløpet på 5 mill. kr er altså i tråd med 2,496 mill. kr første halvår.

Vi har fått opplyst frå dagleg leiar i det kommunale føretaket at føretaket har halde seg til avtalefesta årleg leige på 7 mill kr.

I rekneskapen til *Strandafjellet Skisenter AS* under *Opptjent, ikke fakturert inntekt KF* stod det per 31.12.10 i alt 310.924 kr, medan det står 998 231 kr per 30.06.11. Endringa i saldo i 2011 gjeld kompensasjon for driftsstans i 42 dagar frå 01.01.11. Heile saldoen blir då for 61 dagar, der 19 dagar gjeld 2010.

I styresak 012/11 den 08.06.11 godtok styret i KF-et eit erstatningskrav frå AS-et på 998.231 kr for tapt omsetning i AS-et som følgje av forsinka igangsetting av anlegget. Dette vil redusere utfakturert leige for 2011 frå 7 mill. kr til 6 mill. kr.

Leverandørreskontro i AS-et per 30.06.11 viser ei gjeld til KF-et på 3.557.500 kr.

Av den restanse som er oppgjort per 30.06.11, utgjer 0,25 mill. kr ei motrekning av byggeleing fakturert frå AS-et til KF-et. Denne består av 50.000 kr eks. mva. for kvar månad i perioden september til desember. Uoppgjort restanse for 2010 utgjer 0,5 mill. kr etter denne motrekninga. *Strandafjellet KF* har 3,622 mill. kr uteståande hos *Strandafjellet Skisenter AS* per 30.06.11. Vi viser her til reskontroen nedanfor:

2010	12	22.12.2010	Leige	2 500 000
2011	1	14.01.2011	HOVUBOK, STRANDAFJELLET SKISE	-1 000 000
2011	2	08.02.2011	Motrekning	-250 000
2011	5	04.05.2011	HOVUBOK, STRANDAFJELLET SKISE	-750 000
<b>Sum</b>				<b>500 000</b>
2011	4	14.04.2011	Leige anlegg 1. halvår 2011	4 375 000
2011	5	12.05.2011	Tilfeldig oppdrag	-1 255 000
<b>Sum</b>				<b>3 120 000</b>
2011	6	16.06.2011	Leige betalingsterminal	2 417
<b>Sum</b>				<b>3 622 417</b>

I rekneskapen til *Strandafjellet Skisenter AS* under *Andre kortsiktige fordringer KF* stod det per 31.12.10 i alt 999.646,45 kr, medan det står 1.196.472,78 kr per 30.06.11. Endringa i saldo første halvår utgjør mange mindre postar.

I same styresak som erstatningskravet, ligg det ved eit oppsett som viser rekningar betalt av AS-et som gjeld KF-et, på 395.121,72 kr eks. mva. som det ikkje er tvil om. Vidare går det fram at 323.877,50 kr er under tvil, som saman med det som det ikkje er tvil om, gir i alt 718.999,22 kr. Det ligg også ved eit oppsett over arbeid utført av AS-et på vegne av KS-et på i alt 483.278,00 kr eks. mva. Dette utgjør i alt 1.202.277,22 kr.

Dette er utgifter som føretaket erkjenner, og som skal i investeringsrekneskapen for KF-et i 2011.

I føresetnadane til prognose siste halvår 2011 for *Strandafjellet Skisenter AS* står det at:

- *Kostnader vedr årlig revisjon av stolheisene beløper seg til ca kr 300 000,- Vi har ikke hensyn tatt disse i budsjett/likviditetsbudsjett da vi mener disse kostnadene tilfaller Strandafjellet KF.*
- *Utskiftning av belter til Leitwolf '06 på kr 310 000,- er heller ikke hensyn tatt disse i budsjett/likviditetsbudsjett da vi mener disse kostnadene tilfaller Strandafjellet KF.*
- *Vi har heller ikke tatt med i denne betraktning at sist leverte trakkemaskin som er leaset i SS AS skal overføres til KF'et inne utgangen av 2011 etter avtale. På denne maskinen er det forskuddsbetalt leasing til rest kr 745 000,- per 30.06.2011.*

I epost frå dagleg leiar i det kommunale føretaket går det fram at føretaket ikkje er kjent med desse utgiftene. Men at:

*Utgifter som naturleg måtte tilfalle eigarselskap er dermed ikkje avvist, men avtale spesifikt for revisjon/kontroll eller utskifting av belter på trakkemaskin ligg ikkje føre.*

*Det er ikkje inngått avtale om overføring av leasingsavtale for trakkemaskin i løpet av 2011.*

Summert opp har vi då følgjande forhold som er uavklarte per 12.07.11:

<i>Årlig revisjon av stolheisene</i>	<i>300 000</i>
<i>Utskiftning av belter til Leitwolf</i>	<i>310 000</i>
<i>Trakkemaskin som er leaset i AS-et</i>	<i>745 000</i>
<b><i>Sum</i></b>	<b><i>1 355 000</i></b>

I sum kan det altså vere om lag 1,355 mill. kr som skal i driftsrekneskapen til KF-et i 2011, som ikkje ligg inne i vår prognose.

Kommunerevisjonen vurderer det slik at det per i dag er lite som tyder på at AS-et er i stand til å vareta sine plikter ovanfor det kommunale føretaket. Vi vurderer

situasjonen per 30.06.11 dit hen, at dei krav som faktisk vil bli inntektsført, berre er dei krav som det kommunale føretaket kan motrekne.

<i>Rekningar betalt av AS-et</i>	718 999
<i>Arbeid utført av AS-et på vegne av KS-et på i alt</i>	483 278
<i>Erstatning</i>	998 231
<b>Sum</b>	<b>2 200 508</b>
<i>Motrekning for 2011</i>	1 700 508

Av samla sum på 2.200.508 kr vil 500.000 kr bli motrekna mot uteståande krav frå 2010. Det resterande på 1.700.508 kr vil bli motrekna mot leige for 2011.

Kommunerevisjonen er ikkje kjend med at det ligg føre avtalar eller aktivitet som skulle tilseie at KF-et vil få inn dei sponsorinntektene som det er budsjettert med for 2011. I føresetnadane til prognose siste halvår 2011 for *Strandafjellet Skisenter AS* står det også at:

*Budsjettpost for salg av reklame/sponsorinntekter forutsetter en fornuftig deling mellom SS AS og SS KF. Dette gjelder for hele Strandafjellet, inkludert gondoler.*

I resultatbudsjett for *Strandafjellet Skisenter AS* er det lagt i følgjande:

<b>Driftsinntekter</b>	<b>Opprinnelig budsjett 2011</b>	<b>Prognose ut 2011</b>	<b>2012</b>
Salg reklame	750 000	500 000	1 000 000

I epost frå dagleg leiar i det kommunale føretaket står det:

*Sponsorinntekter – reklame på gondolar. Det er frå styreleiar i Strandafjellet KF presisert at inntekter ved profileringssal skal tilfalle det kommunale foretaket i si heilheit.*

Status per 30.06.11 er då ei forventa leigeinntekt, gjennom motrekning, på 1.700.508 kr for 2011.

### **Driftsutgifter**

Lønsutgiftene er løn til dagleg leiar på 470.000 kr, samt styrehonorar på 150.000 kr, som gir ei samla lønsutgift på 620.000 kr for 2011.

Sosiale utgifter i tillegg til dei som er utgiftsført per 30.06.11 utgjer 65.000 kr for dagleg leiar og 20.000 kr for styrehonorara. Dette gir sosiale utgifter på i alt 170.000 kr for 2011.

Når det gjeld *Kjøp av varer og tenester som inngår i føretaket sin tenesteproduksjon* er det i løpet av første halvår utgiftsført 685.085 kr som er 443.900 kr meir enn budsjettet for heile året. Dei store postane er vedlikehald og forsikringar av bygg som utgjer 274.810 kr, leige av lokale og inventar som utgjer 112.212 kr samt annonseutgifter og servering som utgjer 134.285 kr. Anna forbruksmateriell utgjer 95.377 kr.

Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen, og det allereie store budsjettavviket, legg vi til grunn at føretaket ikkje overskrider denne posten noko særleg meir. Vi legg difor inn berre 750.000 kr som ei prognose for 2011, men vi minner om dei 1.355.000 kr som er uavklarte.

Når det gjeld *Kjøp av tenester som erstattar føretaket sin tenesteproduksjon* var det i 2010 utgiftsført 710.000 kr i form av ei overføring frå KF-et til kommunen, for merkantile tenester. Kommunerevisjonen legg til grunn at kommunestyret ikkje vedtek slike store overføringar ved seinare høve. Vi legg til grunn 60.000 kr for 2011, i tråd med budsjettet og det som er å sjå på som ein rimeleg tidsbruk.

Allereie ved utgangen av første halvår hadde føretaket gått utover budsjetttramma for dei samla driftsutgiftene for heile året. Med bakgrunn i det som står ovanfor, er status per 30.06.11 forventa driftsutgifter på 1.600.000 kr for heile 2011. I tillegg kan det kome 1.355.000 kr som nå er uavklart.

### ***Eksterne finansieringstransaksjoner***

Føretaket har sine lån i Kommunalbanken, og dei gjeld låneopptak 2009, 2010 og 2011. Låna for 2009 og 2010 hadde ein inngående saldo i 2011 på respektivt 60.693.750 kr og 52.362.500 kr, som gir i alt 113.056.250 kr. Årets låneopptak er gjennomført i to etappar, med 9.850.000 kr og 4.490.000 kr, i alt 14.340.000 kr.

Kommunelova stiller krav om at inngående saldo som eit minimum blir betalt med eit avdrag i tråd med den vekta levetida til anleggsmidlane. Ei vekta restlevetid på 26,3 år gir då eit minimumsavdrag på 4.300.000 kr.

Utgående lånesaldo blir då  $(113.056.250 + 14.340.000 - 4.300.000 =)$  123.096.250 kr som gir ein gjennomsnittleg lånesaldo gjennom året på 118.076.250 kr.

Desse låna er notert med 3 mnd NIBOR. Gjennomsnittet for 3 mnd NIBOR første halvår 2011 var 2,68 %. Vidare var 3 mnd NIBOR og 6 mnd NIBOR notert til respektivt 2,92 % og 3,23 % per 30.06.11. Forventa 3 mnd NIBOR om 3 månadar er 3,51 %, slik at forventa gjennomsnittleg 3 mnd NIBOR rente for 2011 er om lag 2,95 %.

Ein gjennomsnittleg saldo på 118.076.250 kr vil då gi forventa renteutgifter på om lag 3.480.000 kr for 2011. I tillegg har føretaket eit likviditetslån på 6.000.000 kr som med 2,95 % rente gir renteutgifter på om lag 177.000 kr, som saman med valutakurstap på 50.000 kr, i alt gir forventa renteutgifter på 3.707.000 kr for 2011.

Likviditetslånet skal innfriast innan 31.12.11.

Ved utgangen av første halvår står det 2.054.498 kr som bankinnskott, og det er inntektsført 90.000 kr i valutagevinst som renteinntekter per 30.06.11. Med bakgrunn i situasjonen som er oppstått vil truleg likviditeten vere knapp gjennom året, så det er ikkje rimeleg å leggje til grunn renteinntekter utover om lag 140.000 kr for 2011.

Status per 30.06.11 er eit forventa resultat eksterne finansieringstransaksjonar på 7.867.000 kr, som betre enn budsjettet på 8.402.650 kr.

### ***Rekneskapsmessig meirforbruk***

Status per 30.06.11 er at føretaket går mot eit rekneskapsmessig meirforbruk på - 7.766.492 kr, som i all hovudsak er knytt til ein svikt i forventa inntekter på 7.918.722 kr.

I forskrift om årsbudsjett for kommunar § 7 går det fram på kva måte ein skal handtere eit rekneskapsmessig meirforbruk i eit rekneskap for kommunale føretak. Eit rekneskapsmessig meirforbruk som ikkje er dekt inn over føretaket sin rekneskap i løpet av det år rekneskapet med manglande inndecking blir lagt fram, blir å føre opp til dekning med ei løyving på budsjettet til kommunen det påfølgjande år.

Rekneskapsmessig meirforbruk for 2010 på 2.471.688 kr skal med andre ord førast opp til dekning i føretaket sin rekneskap for 2011. Det er likevel lite som tydar på at føretaket er i stand til heilt eller delvis å dekkje meirforbruket frå 2010 i 2011, så kommunen må dekkje dette med ei løyving over driftsbudsjettet til Stranda kommune i 2012.

Det samla forventa akkumulerte meirforbruket ved utgangen av 2011 er 10.238.180 kr, og eit eventuelt meirforbruk i 2011 på 7.766.492 kr blir å føre opp med ei løyving i kommunerekneskapen for 2013.

### ***Investeringar i anleggsmidlar***

Ved utgangen av første halvår er det investert 7.834.973 kr i anleggsmidlar.

Når det gjeld prosjekt *1550 Strandafjellet KF* har vi gjort ei korrigering, og flytta 1,5 mill. kr opp under finansiering til posten *Tilskott til investeringar*. Tilskott til investeringar utgjer 3.950.000 kr per 30.06.11, og inneheld 450.000 kr i form av eit tilskott frå Møre og Romsdal fylkeskommune utbetalt i februar 2011 og 3,5 mill. kr i inntekter knytt til grunnkjøp. Tilskott til investeringar utgjer 5,450 mill. kr etter vår korrigering.

Det skal vere inngått kontraktar på 12,3 mill. kr for prosjekt *1596 Gondolar/garasje*.

Vidare må det inn 1.202.277 kr som vedkjem arbeid utført av AS-et, rekningar betalt av AS-et, samt utgifter til påbygg ved paviljongen på Langdalsegga på 2.500.000 kr.

Under føresetnad av at det ikkje blir investert meir enn det som går fram ovanfor, går det mot eit udekt investeringsrekneskap på 5.347.407 kr for 2011.

Då Stranda kommune er i ROBEK krev ei dekning med låneopptak godkjenning frå fylkesmannen. Ei eventuelt manglande finansiering bør av den grunn bli rapportert til fylkesmannen utan unødige opphald.

## **Rekneskapsrapport Strandafjellet KF 1.tertial 2011**

Det ligg føre ei rapportering av den økonomiske situasjonen per 30.04.11, lagt fram for styret i føretaket den 08.06.11, som sak 010/11. Denne gikk til kommunestyret som sak 066/11 den 22.06.11. Både styret i føretaket og kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om å ta rekneskapsrapporten til orientering. Heile saksutgreiinga ligg nedanfor:

### **Bakgrunn for saka**

*Etter vedtak i styret i Strandafjellet KF 08.06.2011 blir flg rekneskapsrapport for 1.tertial lagt fram for kommunestyret i Stranda som flg.:*

Artsgruppe	Budsjett 2011	Rekneskap pr. 30.04.2011	Rekneskap i % av budsjett	Prognose resten av året	Prognose 2011	Prognose meir/mindre forbruk
0.Lønn og sosiale utgifter	662 580	246 469	37 %	453 000	699 469	36 889
1-4.Kjøp av varer og tenester/overf./fondsavs.	554 000	665 471	120 %	50 000	715 471	161 471
5.Finansieringsutgifter	8 402 650	2 447 901	29 %	6 302 099	8 750 000	347 350
<b>Sum utgifter</b>	<b>9 619 230</b>	<b>3 359 842</b>	<b>35 %</b>	<b>6 805 099</b>	<b>10 164 941</b>	<b>545 711</b>
6.Salsinntekter	-9 619 230	-3 504 800	36 %	-6 114 430	-9 619 230	0
7-9.Refusjoner/overføringsinntekter/kap.innt.	0	-90 511		-400 000	-490 511	-490 511
<b>Sum inntekter</b>	<b>-9 619 230</b>	<b>-3 595 311</b>	<b>37 %</b>	<b>-6 514 430</b>	<b>-10 109 741</b>	<b>-490 511</b>
<b>Netto utgift/inntekt</b>	<b>0</b>	<b>-235 469</b>		<b>290 669</b>	<b>55 200</b>	<b>55 200</b>

### **Saksopplysningar**

01. I rapporten er lønnsutvikling etter kjent sentralt tillegg frå 01.05.2011 teke med.

1-4. Forhandlingar blir gjennomførde for reduksjon av postar som t.d. kjøp av tenester, forsikring med mer.

5. Prognosane er litt høgare enn budsjett.

6. Leige av driftsselskap og sal av tenester.

Styret arbeider med ytterlegare kostnadsreduksjonar og inntektsauke.

### **Vurdering**

...

## Oppsummering

Den økonomiske situasjonen per 30.06.11 kan summerast opp slik:

<i>Prognose rekneskapsmessig meirforbruk per 31.12.2011 etter stryking</i>	7 766 492
<i>Tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk</i>	2 471 688
<b><i>Prognose akkumulert underskott per 31.12.2011</i></b>	<b>10 238 180</b>

Dette oppsettet er basert på at AS-et ikkje er i stand til dekkje sine plikter, og at inntektene som føretaket faktisk kan inntektsføre i KF-et, berre er motrekninga på 1.700.508 kr knytt til krav som AS-et har uteståande hos KF-et. Sjølv om AS-et er i stand til dekkje sine plikter i høve til avtalen, altså 6.000.000 kr, så ender KF-et med eit akkumulert meirforbruk på 5.938.688 kr.

Eit slags best tenkt scenario er at KF-et får inn alle sponsorinntekter, og at AS-et betaler leige fullt ut i tråd med avtalen etter korrigering for erstatning. Då blir driftsinntektene 8.619.230 kr, og det vil gi eit meirforbruk i 2011 på 847.770 kr, og eit akkumulert meirforbruk på 3.319.458 kr.

Vi vil her også minne om at i ei prognose på 10,235 mill. kr ikkje er teke med dei 1,355 mill. kr som er uavklarte, der store delar av denne summen vil kunne komme inn på driftsrekneskapen til KF-et. Dette vil då forverre meirforbruket ytterlegare.

Vi vil også minne om at leigeavtalen legg til grunn at den skal justerast, dersom rentenivået stig over 2,5 %. Per 30.06.11 er gjennomsnittleg forventa rente for heile året om lag 3,0 %. Dette utgjer om lag 600.000 kr.

Desse beløpa er så vidt vesentlege at det vil vere uforsvarlig å ikkje la meirforbruket i føretaket vere ein del av haustens arbeid med budsjett og økonomiplan. Det store prognostiserte meirforbruket i føretaket er også relevant i samband med den forpliktande plan som kommunen skal leggje fram for fylkesmannen.

Kommunerevisjonen vil også reise spørsmål ved om saka om rekneskapsrapport 1. tertial 2011 er forsvarleg utgreidd i tråd med dei krav som er sett av kommunelova. Saka inneheld ikkje ei einaste vurdering knytt til den risiko som er med omsyn til driftsinntektene. Det skal også vere lagt inn 0,400 mill kr i driftsrekneskapen under 7-9. *Refusjoner/ overførings-inntekter/kap.innt.*, utan at det går fram av saka kva dette gjeld.

Kommunerevisjonen vurderer situasjonen som alvorleg for *Strandafjellet KF* og der i gjennom Stranda kommune. Vi vil i den samanhengen peike på det ansvar som styret for føretaket har til å legge fram rapportar for kommunestyret som viser utviklinga i inntekter/innbetalingar og utgifter/utbetalingar i samsvar med kommunestyret sine vedtekne rammer for føretaket, slik at kommunestyret kan gjere endringar i årsbudsjettet når dette er nødvendig for å sikre balanse.

Styret skal innarbeide meirforbruk for 2010 i budsjettet for 2011, og som for kommunen skal budsjettet vere realistisk og ha bindande verknad. Føretaket skal også budsjettere med eit budsjett i balanse.

Kommunerevisjonen vil også peike på at investeringsbudsjettet er bindande.

Vår gjennomgang har avdekka manglar ved den kontrakt som regulerer det avtalemessige mellom partane. Vi vil tilrå at det blir gjort ein full gjennomgang av denne i samråd med kommuneadvokaten.

Kommunerevisjonen vil vidare peika på at partane må informere om og avklare mellomverande med kvarandre, før rekneskapsavslutning. Dette tok også kommunerevisjonen opp i forkant av at rekneskapen for 2010 vart avlagt.



## Vedlegg A. Driftsdel

Artsgruppe	Rekneskap 30.06.2011	Prognose 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 30.06.2010	Rekneskap 2010
Brukarbetalingar	2 500 800	1 700 508	9 619 230		4 000 000
Andre sals- og leigeinntekter				1 062 500	62 922
Overføringar med krav til motyting					
Overføringar utan krav til motyting					
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>2 500 800</b>	<b>1 700 508</b>	<b>9 619 230</b>	<b>1 062 500</b>	<b>4 062 922</b>
Lønsutgifter	206 133	620 000	545 580	203 758	618 980
Sosiale utgifter	84 194	170 000	123 000	53 743	140 824
Kjøp av varer og tenester som inngår i føretaket sin tenesteproduksjon	681 903	750 000	238 000	450 605	821 868
Kjøp av tenester som erstattar føretaket sin tenesteproduksjon	1 875	60 000	60 000		710 000
Overføringar					
Avskrivningar		0			2 207 310
Fordelte utgifter					
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>974 106</b>	<b>1 600 000</b>	<b>966 580</b>	<b>708 105</b>	<b>4 498 983</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>1 526 694</b>	<b>100 508</b>	<b>8 652 650</b>	<b>354 395</b>	<b>-436 061</b>
Renteinntekter og utbytte	90 511	140 000			699 430
Motteke avdrag på utlån					
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>90 511</b>	<b>140 000</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>699 430</b>
Renteutgifter og lånekonstnader	1 655 963	3 707 000	4 002 650	634 044	2 649 537
Avdrag på lån	2 443 750	4 300 000	4 400 000		2 443 750
Utlån					
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>4 099 713</b>	<b>8 007 000</b>	<b>8 402 650</b>	<b>634 044</b>	<b>5 093 287</b>
<b>Resultat eksterne finansieringstransaksjonar</b>	<b>-4 009 203</b>	<b>-7 867 000</b>	<b>-8 402 650</b>	<b>-634 044</b>	<b>-4 393 857</b>
Motpost avskrivningar		0			2 207 310
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-2 482 508</b>	<b>-7 766 492</b>	<b>250 000</b>	<b>-279 649</b>	<b>-2 622 607</b>
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk				150 920	150 920
Bruk av disposisjonsfond					
Bruk av bundne fond					
<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>150 920</b>	<b>150 920</b>
Overført til investeringsrekneskapan					
Avsett til dekning av tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk					
Avsett til disposisjonsfond				150 920	
Avsett til bundne fond					
<b>Sum avsetningar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>150 920</b>	<b>0</b>
<b>Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk</b>	<b>-2 482 508</b>	<b>-7 766 492</b>	<b>250 000</b>	<b>-279 649</b>	<b>-2 471 688</b>
Prognose rekneskapsmessig meirforbruk per 31.12.2011 etter stryking					7 766 492
Tidlegare års rekneskapsmessig meirforbruk					2 471 688
Prognose akkumulert underskott per 31.12.2011					10 238 180

## Vedlegg B. Investeringsdel

Artsgruppe	Rekneskap 30.06.2011	Prognose 2011	Budsjett 2011	Rekneskap 30.06.2010	Rekneskap 2010
<b>Investeringar i anleggsmidlar</b>	<b>7 834 973</b>	<b>25 337 250</b>	<b>18 690 000</b>	<b>22 068 386</b>	<b>72 317 171</b>
Utlån og forskoteringar	157	157			
Avdrag på lån					
Avsetningar					
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>7 835 130</b>	<b>25 337 407</b>	<b>18 690 000</b>	<b>22 068 386</b>	<b>72 317 171</b>
<b>Finansiert slik:</b>					
Bruk av lånemidlar	0	14 340 000	14 340 000	0	64 356 953
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	200 000	200 000	0	1 795 000	1 795 000
Tilskott til investeringar	3 950 000	5 450 000	4 350 000	0	1 000 000
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar					
Andre inntekter					
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>4 150 000</b>	<b>19 990 000</b>	<b>18 690 000</b>	<b>1 795 000</b>	<b>67 151 953</b>
Overført frå driftsdelen					
Bruk av avsetningar					
<b>Sum finansiering</b>	<b>4 150 000</b>	<b>19 990 000</b>	<b>18 690 000</b>	<b>1 795 000</b>	<b>67 151 953</b>
<b>Udekkja/udisponert</b>	<b>-3 685 130</b>	<b>-5 347 407</b>	<b>0</b>	<b>-20 273 386</b>	<b>-5 165 218</b>

  

Prosjekt	Rekneskap 30.06.2011	Prognose 2011	Budsjett 2011
<b>Investeringar i anleggsmidlar</b>	<b>7 834 973</b>	<b>25 337 250</b>	<b>18 690 000</b>
1511 Billettsystem/Skidata	130 212	130 212	200 000
1512 Planfri kryssing	3 594	3 594	0
1513 Brakkerigg	7 613	7 613	0
1514 Parkering	243 869	243 869	180 000
1520 Køyrety	114 635	114 635	100 000
1530 Skitrasear	1	1	0
1532 Barneområde	48 981	48 981	100 000
1541 Snøkanonanlegg	3 785	3 785	0
1542 VA anlegg Roalden	14 879	14 879	0
1550 Strandafjellet KF	-1 485 000	15 000	0
1560 Trakkemaskiner	400 000	400 000	200 000
1561 Garasje/familieområde	8 746	8 746	0
1570 Paviljong Furset	371 046	371 046	0
1571 Paviljong Roalden	1 609 872	1 609 872	2 000 000
1580 Varmestove	86 956	86 956	100 000
1592 Skuletrekk/skiband	11 612	11 612	350 000
1593 POMA Roaldstrekke	0	0	310 000
1594 Roaldshorn fjelltrekk	2 826	2 826	0
1595 Stolheis Roalden	6 261 348	6 261 348	6 650 000
1596 Gondolar/garasje	0	12 300 000	8 500 000
Rekningar betalt av AS-et	0	1 202 277	0
Påbygg Paviljongen - Langdalsegga	0	2 500 000	0

## Vedlegg C. Balanserekneskapen

<i>Balansepostar</i>	<i>30.06.2011</i>	<i>31.12.2010</i>
<b>Eigedomar</b>	<b>128 749 709</b>	<b>130 442 471</b>
<b>A. Anleggsmidler</b>	<b>119 505 453</b>	<b>119 505 453</b>
<i>Faste eigedomar og anlegg</i>	<i>113 450 326</i>	<i>113 450 326</i>
<i>Utstyr, maskiner og transportmidlar</i>	<i>6 007 582</i>	<i>6 007 582</i>
<i>Utlån</i>		
<i>Aksjar og andelar</i>		
<i>Pensjonsmidlar</i>	<i>47 545</i>	<i>47 545</i>
<b>B. Omløpsmidlar</b>	<b>9 244 255</b>	<b>10 937 018</b>
<i>Kortsiktige fordringar</i>	<i>7 219 388</i>	<i>7 406 491</i>
<i>Premieavvik</i>	<i>-29 631</i>	<i>-29 631</i>
<i>Aksjar og andelar</i>		
<i>Sertifikat</i>		
<i>Obligasjonar</i>		
<i>Kasse, postgiro, bankinnskott</i>	<i>2 054 498</i>	<i>3 560 158</i>
<b>Eigenkapital og gjeld</b>	<b>133 743 516</b>	<b>131 712 390</b>
<b>C. Eigenkapital</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Disposisjonsfond</i>		
<i>Bundne driftsfond</i>		
<i>Ubundne investeringsfond</i>		
<i>Bundne investeringsfond</i>		
<i>Regnskapsmessig mindreforbruk (drift)</i>		
<i>Regnskapsmessig meirforbruk (drift)</i>	<i>-2 471 688</i>	<i>-2 471 688</i>
<i>Udisponert investeringsrekneskapen</i>		
<i>Udekkja investeringsrekneskapen</i>	<i>-5 165 218</i>	<i>-5 165 218</i>
<i>Kapitalkonto</i>	<i>8 810 737</i>	<i>6 366 987</i>
<i>Endring av rekneskapsprinsipp som påverkar AK (drift)</i>		
<i>Endring av rekneskapsprinsipp som påverkar AK (investering)</i>		
<b>D. Gjeld</b>	<b>133 743 516</b>	<b>131 712 390</b>
<i>Langsiktig gjeld</i>	<i>125 034 716</i>	<i>113 138 466</i>
<i>Ihendehavarobligasjonslån</i>		
<i>Pensjonsforpliktingar</i>	<i>82 216</i>	<i>82 216</i>
<i>Sertifikatlån</i>		
<i>Andre lån</i>	<i>124 952 500</i>	<i>113 056 250</i>
<i>Kortsiktig gjeld</i>	<i>8 708 800</i>	<i>18 573 924</i>
<i>Kassekredittlån</i>	<i>6 000 000</i>	<i>6 000 000</i>
<i>Annan kortsiktig gjeld</i>	<i>2 708 800</i>	<i>12 573 924</i>
<i>Premieavvik</i>		
<b>Memoriakonti</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Unyttå lånemidlar</i>	<i>14 340 000</i>	
<i>Andre memoriakonti</i>		
<i>Motkonto for memoriakontiane</i>	<i>-14 340 000</i>	